

# MEDLEMSINFO

---

## mai 2009

En rolig måned har gått, vi forbereder oss til sommarsesongen.

### Konsert 27. Mai

Vi starter med vanlige konserter på museet den 27/5 med **oppmøte klokka 16.00**. Eg håper at alle har "bunad" og bunadsko. **Obs** har billige sko og det er en butikk i 2. etg på Moa Syd som har billige "bunader". Men husk først å sjekke om det går å låne med kvarandre. Det er sikkert mange som har både for små og for store bunader hengande. Vi som har originale bunader bør også stille med haudeplagg ☺. Oppmøte tida bør haldast, men om det står om så kan eg strekke meg, men må få beskjed i god tid før vi drar ut.

### Sommaravsluttning

Vi slutter med ordinære øvinger den **3. Juni kl 17.30** på museet. Det hadde vore kjekt om alle medlemmer møtte opp, vi har faktisk mange fleire enn dei som er aktive. Så dette er ei spesiell helsing og invitasjon til deg som ikkje er så heldig å være med på onsdags øvingane. Kom og bli med! Ta gjerne med familie .

Kristin og Marianne er festsjefer og lager program og mat: pølse og brød, saft og kaffi. Alle tar med litt kaffi mat. Vi håper på fint utevær.

PÅMELDING TIL [kristin.westre@adsl.no](mailto:kristin.westre@adsl.no) Det er nok lurt å melde seg på slik at vi får nok Pølser ☺

### Sommaren

Utover sommaren har vi konserter, mange ☺ konserter. Dette gir gode penger i lagskassa og vi slepp unna lotteri og dugnader. Alle aktive skal ha fått liste for påmelding, det mangler enno nokre svar, men det ser ut til at det skal gå bra, som vanlig, å skaffe nok folk. Konserten den 27/6 går nok ut pga landskappleiken og den 10/8 er avlyst frå båten. Andre klokkeslett blir sendt ut til aktive på konsertane. Mer at den Konserten som stod som nr 2 den 16/6 er den 19/6



Det er mulig vi får til et spennande samarbeid der vi får møte **Alexander Rybakk**, i juli. Dette kjem vi med meir info om når det blir aktuelt.

## Konsserter

Vi har fått bekrefte desse tidene for konsserter:

27. 5.	oppmøte	16.00
17. 6	"	16.00
19. 6	"	16.45 (forandra)
21. 6	"	11.15
30. 6	"	16.15
2. 7		?
6. 7.		?
30. 7	"	10.45
4. 8	Til Geiranger	
16. 8		?
18. 8		?
2. 9		?
14. 9		?

Det blir sikkert spørsmål om fleire oppdrag, i tilfelle blir det sendt ut påmelding til dei som har registrert at dei vil bli med på konsserter.

## Geiranger

Vi har tatt på oss eit oppdrag i Geiranger den 4. August. Mange nok svarte at dei kunne bli med. Det blir å reise tidlig om morgonen og vi underheld på kaia en times tid. Vi får meir info om opplegget, men sett av datoen no.

## Nye øvingslokaler frå hausten 2010.

Med alle våre grupper i sving på onsdagane, og med eit stadig aukande medlemstal (me er no 12 unge utøvarar berre på Hardingfele), er det merkbar at me har vokse ut av museet. Det sliter på instruktører å trakke oppå kvarandre og lydforholda er ikkje gode. Å spele fele i dogangen er "morsomt", men det fungerer dårlig i lengden. I storsalen får vi inn all lyd frå

heile museet med en ekkel ekko, og vi får ikkje bruke sko som egner seg til dans. Det er veldig varmt og vanskelig å luften.

No har vi fått et veldig spennande tilbud. Mannskoret Varde skal bygge et kulturhus og vil gjerne ha oss med som leigetaker. Huset vil få ein stor flott sal med scene, i tillegg til fleire mindre grupperom som alle er lydisolerte, m.a.o. ideelt for alle våre aktivitetar (sang, dans, lur/bukkehorn, hardingfele m.m.). Vi får beholde øvingstidene som i dag (onsdager 17:30 – 20:00), i tillegg til at huset ligg svært nær Haug, der vi hadde øvinger i fjor vinter.



Husleiga vil nødvendigvis bli ein del dyrare enn det vi har no, men vi får benytte huset kvar onsdag heile året, til midnatt om vi vil. Det vil også åpne for samarbeid med dei andre gruppene som leiger og vi kan invitere til fellesøvingar med andre lag og grupper i regionen.

Styret har sett teiningane og er positive til at vi leiger oss inn. Huset er planlagt klart til bruk rundt påsketider neste år.

## Heimesida

Husk å bruke heimesida vår [www.alesundspelemannslag.no](http://www.alesundspelemannslag.no) Der vil du finne nye opplysninger om konsertane og sikkert en god del bilder frå konsertane.

Og husk å laste ned strekkoden du trenger for å legge laget inn i grasrotandelen . Vi kjenner vel alle nokken som tipper. Print, og del ut. 😊

Minner igjen om avslutninga den 3. Juni og håper at vi får en fin dag på museet.

Styret

Solfrid